




bokLEK

For alle skolestartere i Oppland og Hedmark



Vi ynskjer alle skolestartarar velkomne til eit møte med Camilla Kuhns morosame og underfundige verd!

Bokleik-turné

Alle barna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket der dei får møte ein av formidlarane i år.

Bokleik-forfattar i 2018 er Camilla Kuhn. Under Bokleik-turneen reiser Camilla Kuhn, Marianne Sundal og Per Jostein Aarsand rundt til alle folkebiblioteka i Oppland og Hedmark og formidlar boka «Samira og skjelettene», som er ei biletbok for små tenkjarar om kva som finst inne i kroppen vår.

Kva er Bokleik?

Bokleik er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival, Oppland fylkesbibliotek og alle dei 26 folkebiblioteka i Oppland. Prosjektet blir støtta av Eidsiva. Målet med prosjektet er å skape positive litteraturopplevingar for alle skolestartarar i fylket. Bokleik starta opp i 2014, og i 2017 deltok 1600 skolestartarar frå heile fylket i prosjektet. I løpet av april vil skolestartarane bli invitert med på Bokleik - til å oppdage boka gjennom å lytte, teikne, dikte, fortelje og skape. I 2018 blir prosjektet utvida slik at også Hedmark sine skolestartarar blir inviterte til Bokleik, til å oppdage boka gjennom å lytte, teikne, dikte, fortelje og skape.

Leik med boka!

Bøkene til Camilla Kuhn kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Forfattarmøte blir alltid best med eit publikum som er førebudd, så vi oppfordrar barnehagane til å låne bøker på biblioteket og lese dei saman med barna i forkant av Bokleik.

På www.boklek.no finst det nyhende, tips og idear til aktivitetar som kan gjennomførast i barnehagane, og heime, etter besøket på biblioteket.

Her kan også biblioteka leggje ut bilete frå barnehagebesøka, og det kan vere et fint utgangspunkt for å snakke med barna om bøkene og bibliotekbesøket.

Formidlarane i år

Camilla Kuhn

Bokleik-forfattaren i 2018 er Camilla Kuhn, ei av Noregs aller fremste illustratørar og barnebokforfattarar. Kuhn vaks opp på Rykkinn og Bærums Verk. Ho studerte to år ved Oslo tegne- og maleskole og sidan grafisk design ved Central Saint Martins College of Art and Design (CSM) i London. Hun har særlig arbeid med biletbøker og lettlesbøker for dei aller ferskaste lesarane, og legg vinn på å lage bøker som sjølv om dei er enkle, skal være litt uføreseielege og veldig morosame.



Marianne Sundal

Marianne Sundal er formidlar under Bokleik-turneen 2018. Ho er forteljar og har dei siste femtan åra arbeid med forteljingar, førestillingar og kurs. Ho arbeider mykje med elevar og lærarar som vil lære seg å fortelje historier, og lagar også egne førestillingar. I 2017/2018 har ho ansvaret for Litteraturhuset si satsing på bokformidling for dei minste barna.



Per Jostein Aarsand

Per Jostein Aarsand er formidlar under Bokleik-turneen 2018. Han har jobba som profesjonell forteljar sidan 2001. Han turnerer for DKS, og har fortalt for barn og vaksne over heile landet. Forteljingane hans er ofte morosame og han får alltid god kontakt med publikum. Per Jostein har vore kunstnarisk leiar for Fortellerfestivalen.





bokLEK

For alle skolestartere i Oppland og Hedmark



Eit samarbeidsprosjekt mellom alle folkebiblioteka i Oppland og Hedmark og



OPPLAND
fylkesbibliotek



HEDMARK
FYLKESKOMMUNE

NORSK SIGRID UNDSET-DAGENE LILLEHAMMER
LITTERATURFESTIVAL

Bokleik er støttet av

Eidsiva 



GjensidigeStiftelsen